

# Valgreglement for Studenttinget på Vestlandet



Dokumentet	Valgreglement
Opprinnelse	ST-1/17
Versjon	3.0
Vedtatt	ST-6 /18
Implementert 03.12.2018	Jonas Hagesæther Røthe (AU) Jesper Krussell (AU) Martin Dragland Granum (KK) Benjamin Johan Madsen (KK)

## 1 Kapittel 1 - Generelle

### 2 føresegner

#### 3 §1-1 Verkeområde

4 Valgreglementet gjeld for alle personval til Studenttinget på Vestlandet (STVL) og ved  
5 personval der Studenttinget er valforsamling.

#### 6 §1-2 Vilkår for kandidatar til val

7 For val utført i samsvar med valgreglementet er det krav om at kandidatar er studentar ved  
8 Høgskulen på Vestlandet (HVL) i valsemesteret. Dette gjeld berre dersom anna ikkje er  
9 spesifisert i valgreglementet. Medleamar i arbeidsutvalet har moglegheit til å stille til val skjølv  
10 om dei ikkje er studentar ved HVL i valsemesteret.

#### 11 §1-3 Gjensidig utelukkande verv

- 12 (1) Verv som representant, arbeidsutvalsmedlem og kontrollkomitémedlem i Studenttinget  
13 er gjensidig utelukkande.
- 14 (2) Verv i arbeidsutvalet til Studenttinget er gjensidig utelukkande med verv som  
15 studentrepresentant i Høgskulestyret ved Høgskulen på Vestlandet, arbeidsutvalet i  
16 Velferdstinget i Vest og styret i Studentsamskipnaden på Vestlandet. Verv i  
17 arbeidsutvalet til Studenttinget, verv i klagenemnda og verv i skikkavurderingsnemnda er  
18 gjensidig utelukkande.
- 19 (3) Representantar i Høgskulestyret er gjensidig utelukkande med utdanningsutvalet og FoU-  
20 utvalet.

#### 21 §1-4 Funksjonstid i verv

22 Alle studentar som er valte inn i verv etter dette reglementet har ein valperiode på eitt år,  
23 med mindre anna er fastsett eller blir bestemt, og har blitt eksplisitt opplyst om før valet.  
24 Funksjonstida til eit verv skal alltid opplysast om før valet.

#### 25 §1-5 Valform

26 Alle val utført i samsvar med valgreglementet utførast som preferanseval, dersom ikkje anna  
27 er spesifisert i valgreglementet. Preferanseval er utdjupa i kapittel 5 - valformer og  
28 framgangsmåtar ved val.

29 *§1-6 Valkrinsar*

30 Ved val utført i samsvar med dette valgreglementet er studentane ved Høgskulen på  
31 Vestlandet delt inn tre valkrinsar; campus Sogndal og campus Førde utgjer valkrins Nord,  
32 campus Bergen utgjer valkrins Midt, og campus Stord og campus Haugesund utgjer valkrins  
33 Sør. Utdanningar i Florø og Kristiansund knytt til Høgskulen på Vestlandet høyrer til valkrins  
34 Nord. Der regionar eller valkrinsar er nemnt i valgreglementet, er det desse som er meint. I val  
35 der Studenttinget er valforsamling, vert Studenttinget rekna som gjeldande valkrins.

36 *§1-7 Endringar og unntak*

37 Endringar av valgreglementet skjer i tråd med Vedtekter for Studenttinget på Vestlandet.  
38 Unntak frå valgreglementet kan gjerast med kvalifisert fleirtal (definert i Vedtekter for  
39 Studenttinget på Vestlandet).

40 **Kapittel 2 - Valstyret og innstillingskomitéen**

41 *§2-1 Samansetjing*

42 (1) Innstillingskomitéen skal vere samansett av 4 medlemar, etter følgjande kriterier: 1 relevant  
43 ekstern person, 1 person med tidlegare tilknytning til Studenttinget, 1 representant frå eit  
44 studentråd og 1 person valt blant de faste representantene i Studenttinget.

45 *§2-2 Ansvarsområder*

46 (1) Arbeidsutvalet har ansvar for å finne kandidatar til val til Studenttinget, arbeidsutvalet til  
47 Studenttinget og val der Studenttinget er valforsamling. Valstyret har ansvar for den  
48 praktiske gjennomføringa av valet til Studenttinget, og for utrekning og sikring av dette valet  
49 i samråd med kontrollkomiteen.

50 (2) Innstillingskomitéen har ansvar for å innstille i val til arbeidsutvalet av Studenttinget.  
51 Innstillinga skal leggjast fram for Studenttinget med presentasjon av kandidatane og  
52 grunngjeving for innstilling på valmøtet.  
53

54 *§2-3 Val*

55  
56 (1) Innstillingskomitéen skal veljast av Studenttinget på det fyrste møtet i vårsemesteret.  
57 Funksjonstid for vervet er fram til arbeidsutvalet av Studenttinget er valt. Val til  
58 innstillingskomiteen er unnateke §1-2 vilkår for kandidatar til val. Dersom medlem av  
59 innstillingskomitéen ynskjer å stille som kandidat til arbeidsutvalet i Studenttinget, må dei  
60 trekkje seg frå innstillingskomiteen innan fristen for å melde kandidatur som skal bli vurdert  
61 av innstillingskomitéen.

62 **Kapittel 3 - Val til Studenttinget på Vestlandet**

63 *§3-1 Val*

64 Val av representantar til Studenttinget på Vestlandet skal utførast som preferanseval, der  
65 valresultatet skal reknast ut ved enkel stemmeoverføring (single transferable vote, utdjupa i

66 kapittel 6 - valformar og framgangsmåtar ved val). Valet skal skje ved elektronisk urneval og  
67 ha ein varigheit på 7 døgn. Arbeidsutvalet utarbeidar stemmesetlar med dei føreslegne  
68 kandidatane. Berre desse stemmesetlane kan benyttast ved valet. Val av representantar til  
69 Studenttinget for påfølgjande kalenderår skal skje i løpet av haustsemesteret.

#### 70 *§3-2 Tilhøyrse*

71 Studentar har berre høve til å stille til val som representantar for og i den valkrinsen dei sjølv  
72 tilhøyrer. Dersom ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

#### 73 *§3-3 Stemmerett*

74 Alle studentar ved Høgskulen på Vestlandet har stemmerett i val til Studenttinget. Studentar  
75 har berre høve til å stemme på kandidatar innanfor den valkrinsen dei sjølv tilhøyrer. Dersom  
76 ein tilhøyrer fleire krinsar, må ein velje éin valkrins og forhalde seg til den.

#### 77 *§3-4 Representantfordeling*

78 Det skal veljast ei på førehand bestemt mengd representantar til Studenttinget på  
79 Vestlandet. 25% av desse skal veljast frå valkrins nord, 50% frå valkrins midt og 25% frå  
80 valkrins sør. Vararepresentantane i kvar valkrins skal vere nummererte.

#### 81 *§3-5 Kvotering*

82 Kwart campus i valkrins nord og valkrins sør skal vere representert i Studenttinget med minst  
83 to representantar, og kvart fakultet i valkrins midt skal vere representert i Studenttinget med  
84 minst to representantar. Dersom eit fakultet eller eit campus ikkje er tilstrekkelig  
85 representert i Studenttinget skal det kvoterer inn tilstrekkelig mengd representantar frå det  
86 underrepresenterte fakultetet eller campuset, slik at alle fakultet og campus møter  
87 minstekravet til representasjon.

### 88 *Kapittel 4 - Val der Studenttinget er valforsamling*

#### 89 *§4-1 Valforsamling*

90 Studenttinget er valforsamling ved val av studentar til styrer, råd og utval på institusjonsnivå  
91 ved Høgskulen på Vestlandet. Studenttinget er også valforsamling ved val av representantar  
92 til grupper, komitéar og liknande som Studenttinget sjølv set ned eller får førespurnad om å  
93 velje/oppnemne representantar til. Studenttinget har mynde til å delegere val vidare til  
94 regionråda eller andre relevante grupper.

#### 95 *§4-2 Val gjennomført av arbeidsutvalet*

96 (1) Arbeidsutvalet til Studenttinget kan føreta val til ikkje-permanente arbeidsgrupper.  
97 (2) Ved valsaker der det ikkje er mogeleg å vente til neste studenttingsmøte, kan arbeidsutvalet  
98 til Studenttinget oppnemne representantar mellombels til neste møte. Valet skal  
99 gjennomførast som ordinært val på førstkomande studenttingsmøte.

#### 100 *§4-3 Val til arbeidsutvalet til Studenttinget*

101 (1) Studenttinget er valforsamling for arbeidsutvalet til Studenttinget. Val av leiar gjerast  
102 enkeltvis. Resten av arbeidsutvalet vert valt i èin valomgang. Valperioden for arbeidsutvalet

103 er 1. juli i valåret til 31. juli påfølgjande år. Studenttinget sitt arbeidsutval skal veljast på det  
104 siste møtet i vårsemesteret.

105 (2) Ved val til arbeidsutvalet skal alle kandidatar på førehand levere inn ei rangert liste over  
106 ynskjer om fast arbeidsstad. Kandidatar til region Sør må også rangere ynskjer om  
107 prosentstilling. Lista skal leverast til innstillingskomitéen før valmøtet, og frist for  
108 omprioritering av ynskjer er når første valtale startar.

#### 109 *§4-4 Val til Høgskulestyret*

110 Studenttinget skal velja studentrepresentantar til Høgskulestyret ved Høgskulen på  
111 Vestlandet i tråd med §9-4 i universitets- og høyskoleloven, og andre føresegner sette av  
112 Høgskulestyret sjølv. Studentrepresentantane skal veljast på det siste møtet i  
113 vårsemesteret.

#### 114 *§4-5 Val til Kontrollkomitéen*

115 Kontrollkomitéen skal veljast av Studenttinget. Kontrollkomitéen skal bestå av tre medlemar.  
116 Det skal også veljast ein vara frå kvar region. Val til kontrollkomitéen er unnateke §1-2 vilkår  
117 for kandidatar til val. Kontrollkomitéen skal veljast på det siste møtet i vårsemesteret.  
118 Dersom medlemar av kontrollkomitéen ynskjer å stille som kandidatar til nokon av dei  
119 gjensidig utelukkande verva nemnd i §1-3, må dei trekkje seg frå kontrollkomitéen innan  
120 valet gjennomførast. Dersom det er behov kan Studenttinget velje settevara i møtet.

#### 121 *§4-6 Val av delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon*

122 Studenttinget skal velja delegatar til Landsmøte i Norsk Studentorganisasjon (NSO) i samsvar  
123 med retningslinjer og fristar sette av NSO.

#### 124 *§4-7 Val av representantar til Velferdstinget i Vest*

125 Studenttinget skal velja representantar til Velferdstinget i Vest (VtV) i samsvar med  
126 retningslinjer gitte av VtV.

## 127 *Kapittel 5 - Valformer og framgangsmåtar ved val*

### 128 *§5-1 Framgangsmåtar ved preferanseval*

#### 129 *§5-1.1*

130 Ved preferanseval prioriterar veljaren kandidatar via stemmesetelen. Alle preferanseval  
131 utførte i Studenttinget skal vere skriftlege.

#### 132 *§5-1.2*

133 Ved val der fleire verv skal fyllast skal ein etterstreve å ha så få valomgangar som mogleg.

#### 134 *§5-1.3 Akklamasjon:*

135 I val der det er like mange eller færre kandidatar enn verv, kan valet gjennomførast ved  
136 akklamasjon. Valet skal gjennomførast skriftleg dersom nokon ynskjer dette.

137 §5-1.4 Fristar:

- 138 (1) Forslag på kandidatar i val til Studenttinget må vere innkomne til arbeidsutvalet innan ei veke  
139 før gjennomføring av val. Når arbeidsutvalet mottok forslag på kandidatar, skal dei  
140 føreslegne kandidatane straks informerast for stadfesting av kandidatur.
- 141 (2) Forslag på kandidatar til val av leiar av arbeidsutvalet og medlem av arbeidsutvalet til  
142 Studenttinget, må vere innkomne til innstillingskomitéen innan to veker før valmøtet.  
143 Kandidatar som vert meld inn seinare enn dette vil ikkje bli vurderte av innstillingskomitéen.
- 144 (3) Med mindre anna er bestemt er frist for å melde kandidatur til val der Studenttinget er  
145 valforsamling sett til før første kandidat sin valtale startar. Dersom ein sjølv ikkje har høve til  
146 å stille på møtet der valet finn stad bør kandidaturet vere meld skriftleg til arbeidsutvalet i  
147 førekant av møtet. Siste frist for å melde kandidatur skriftleg er innan valtalene startar.

148 §5-1.5 Benkjeforslag:

- 149 Benkjeforslag kan rettast til arbeidsutvalet eller møtet innan første valtale. Personar som  
150 vert benkja må godkjenne benkjinga. Alle med tale- og/eller forslagsrett i Studenttinget kan  
151 benkja kandidatar.

152 §5-1.6 Valtale:

- 153 Kandidatar gjevast høve til å halde ein valtale på inntil tre minuttar. Personar med talerett  
154 har i etterkant av alle valtalane høve til å stille spørsmål til kandidatane. Kandidatar som ikkje  
155 har høve til å delta fysisk på møtet skal, avhengig av kva som er praktisk mogleg, få høve til å  
156 halde valtale og svare på spørsmål digitalt, eller å sende inn ein video på førehand som vert  
157 spelt av på møtet. Det er berre kandidaten sjølv som kan visast på videoen. Videoen må være  
158 tilsendt arbeidsutvalet innan møtestart.

159 §5-1.7 Votering:

- 160 (1) Kandidatar ein ynskjer å stemme på vert skrivne på stemmesetelen i prioritert rekkjefølgje og  
161 nummererast 1, 2, 3 osv., der 1 er høgaste prioritering. Det kan skrivast opp fri mengd  
162 kandidatar, frå ingen (blanke stemmer) til alle kandidatane som stiller til val. Nummereringa  
163 av kandidatane må vere etterfølgjande.
- 164 (2) Unummererte stemmesetlar, stemmesetlar som inneheld andre namn enn oppmelde  
165 kandidatar og stemmesetlar med same namn to eller fleire  
166 gongar vert forkasta.

167 §5-1.8 Vara:

- 168 (1) Om ingen krev noko anna kan eventuelle vara veljast samstundes med faste representantar.  
169 Då vil den kandidaten med høgast stemmepoeng av dei som ikkje vert valt til fast  
170 representant verte valt til 1. vara, den neste til 2. vara osv.
- 171 (2) Ein kandidat kan velje å berre stille som vara, men ikkje å stille til ein bestemt varaplass. Om  
172 ein kandidat som berre stiller til vara får stemmepoeng som tilseier at kandidaten skulle blitt  
173 valt til fast representant, flyttast denne ned til den plassen på varalista som tilsvarer sine  
174 stemmepoeng.
- 175 (3) Dersom det er behov, kan Studenttinget velje ein settevara. Settevara vert valt ved  
176 alminneleg fleirtal, og vil ha funksjonstid fram til møtet er heva.

177 §5-2 Single transferable vote

178 (1) Ved utrekning av valresultat i preferanseval vert det brukt enkel stemmeoverføring (Single  
179 transferable vote).

180  
181 (2) I eit val som utreknast ved single transferable vote treng ein kandidat ei minimumsmengd av  
182 stemmer for å bli valt. Dette vert kalla valtalet. Valtalet vert gitt ved formelen:

$$\text{Stemmer som trengs} = \left( \frac{\text{avgitte stemmer}}{\text{seter som velges} + 1} \right) + 0,01$$

183  
184 (3) Kandidatar som når opp til valtalet:  
185 Først tel ein opp kor mange stemmer kvar einskild kandidat har fått. Dersom ein kandidat har  
186 fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, er vedkomande valt. Dersom fleire kandidatar enn  
187 det som skal veljast oppnår valtalet, er det den med flest stemmer over valtalet som skal  
188 prioriterast. Dersom dette er likt, skal det trekkjast lodd om kven som får plassen.

189  
190 (4) Ingen kandidatar som når opp til valtalet:  
191 Dersom ingen kandidatar har fått nok stemmer til å nå opp til valtalet, og det framleis er  
192 fleire kandidatar enn verv, skal den kandidaten som har lågast stemmetal strykast frå alle  
193 stemmesetlane. Dersom to eller fleire kandidatar har likt stemmetal avgjerast det ved  
194 loddtrekkjing kven som skal strykast. På stemmesetlane der den strøkne opprinneleg stod  
195 først, skal det teljast opp kven som har rykka opp til førsteplass. Desse stemmene kjem i  
196 tillegg til kandidaten sine stemmer frå førre oppteljing. Dersom det framleis ikkje er  
197 kandidatar som når opp til valtalet, skal denne prosessen gjentakast fram til ein kandidat når  
198 opp til valtalet.

199  
200 (5) Tildeling av overskotsstemmer:  
201 Har ein kandidat fleire førstestemmer enn det kandidaten treng for å nå opp til valtalet, vert  
202 desse fordelt i samsvar med veljarane av den kandidaten sine andreval. Formelen for dette  
203 ser slik ut:

$$\text{Stemmer overført frå førsteval til andreval} =$$
$$\left( \frac{\text{stemmer til andreval}}{\text{total mengd førstestemmer førstevalet fekk}} \right) \times \text{mengd førstestemmer førstevalet fekk høgare enn valtalet}$$

207 Denne utrekninga skal gjerast alle stader der veljarane av den valte kandidaten også har eit  
208 andreval, slik at ein til slutt har delt ut alle overskotsstemmene til den valte kandidaten.

209 (6) Ein skal halde fram med stryking av kandidatar og tildeling av overskotsstemmer fra dei valte  
210 inntil fastsett mengd kandidatar er valt.

211  
212 (7) Kvotering:  
213 Ved krav om kvotering flyttast kandidatar som kvoterast inn, opp tilstrekkelig mange plassar  
214 til å bli valte.

215 §5-3 Utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget

216 Ved utrekning av val til arbeidsutvalet til Studenttinget har §5-2 eit unntak. I byrjinga av kvar  
217 valrunde skal ein sjekke om kandidatar er valføre med tanke på den rangerte lista over  
218 ynskjer for fast arbeidsstad. Dersom alle dei rangerte alternativa til ein kandidat er tekne,

219 stryk ein denne kandidaten. Stryking vert gjort i samsvar med §5-2. Etter stryking skal ein  
220 sjekke om det er kandidatar som når opp til valtalet, desse vert i så tilfelle valte. Ellers er  
221 framgangsmåten lik som i §5-2.

222 *§5-4 Trekk og supplering*

- 223 (1) Dersom ein kandidat trekk seg i løpet av valet, reknast kandidaten sitt namn stroke frå alle  
224 stemmesetlane. Dette fører til at alle kandidatar med lågare prioritet rykkjer opp.
- 225 (2) Dersom ein fast representant trekk seg, eller tek på seg eit verv ein ikkje kan inneha som  
226 representant, reknast øvste rangerte vararepresentant som fast representant. Øvrige  
227 vararepresentantar nummererast på nytt i same rekkjefølge.
- 228 (3) Det kan veljast supplerande representantar og vararepresentantar til Studenttinget ved  
229 urneval. Valet skal kunngjerast minimum 14 dagar i forkant av frist for å stille til val. Alle  
230 studentar i den aktuelle valkrinsen det skal supplerast frå er valføre og har stemmerett.

231 *§5-5 Utrekning og sikring*

- 232 (1) Utrekning og sikring av valresultat i val til arbeidsutvalet til Studenttinget og der  
233 Studenttinget er valforsamling skal gjerast av kontrollkomiteen. Stemmetal skal ikkje  
234 kunngjerast til andre enn kandidatane sjølve.
- 235 (2) Utrekning og sikring av valresultat i val til Studenttinget skal gjerast av minimum to  
236 kontrollkomitémedlemar. Stemmetal skal ikkje kunngjerast til andre enn kandidatane sjølve.
- 237 (3) Ved val til Studenttinget skal det lagast ein protokoll som skal signerast av leiar av  
238 arbeidsutvalet og eitt medlem av kontrollkomitéen innan 10 virkedagar etter utrekning.  
239 Protokollen skal innehalde kandidatane sine namn, valresultat, oppsummering av  
240 utrekningane og stemmetal i valkrins og på institusjonsnivå. Protokollen skal vere unnateke  
241 offentlegheita, og skal berre framvisast dersom det er strid om valresultatet.